

Budsjett 2021

Medisinsk klinikk
Helse Førde HF

INNHALD

1	Samandrag.....	4
2	Status og omstilling.....	5
3	Økonomi.....	8
	Føresetnader i budsjett 2021:	8

Prisendring	
Lønsvekst 2021	- 3 197
Prisvekst kostnader 2021	- 8 721
Prisjustering ISF 2021	7 173
Prisendring andre inntekter 2021	1 773
Sum prisendringar	- 2 972

Ramme 2021:	8
Med bakgrunn i gitte føresetnader, blir ramma for klinikken som følgjer:.....	8

- Grunna auka felleskostnader og investeringskostnader har klinikken fått eit innsparingskrav på 8,3 millionar kroner i høve budsjett 2020..... 9

Budsjett 2021:	9
-----------------------------	---

Tiltak 2020:	12
---------------------------	----

Det er utarbeidd eigen overordna ROS analyse for tiltaka i klinikken, sjå kapittel 7..... 12

4 Aktivitet	13
--------------------------	----

Aktivitet - Medisinsk Klinik		Oppnådd 2019	Plan 2020	Prognose 2020	Plan 2021	Endring B21 - B20
DRG-poeng dag/døgn/poliklinikk	A	13 571	13 812	12 621	13 847	35
DRG-poeng H-resept	A	1 711	1 801	1 838	1 865	64
DRG-poeng andre regionar (gjestepasientar), B	B	164	151	237	237	86
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	A+B	15 446	15 764	14 696	15 950	186
DRG-poeng pasientar behandla i andre regionar, Feiring	C	40	35	25	25	-10
Sum DRG-poeng, ISF inntekt	A+C	15 322	15 647	14 484	15 737	90
Tal dagbehandling		9 343	9 417	9 390	10 085	668
Tal sjukehusopphold / heildøgnsopphald		9 934	10 256	9 213	10 256	0
Tal polikliniske konsultasjonar		52 634	53 380	50 774	52 827	-553

5 Bemanning	15
--------------------------	----

Månadsverk:	15
--------------------------	----

Sjukefråvær:	15
---------------------------	----

Sjukefråværet i Medisinsk klinikk hadde nedgang i 2020. Målet for klinikken er å ha rundt 5 prosent fråvær, men p.g.a. auka korttidsfråvær p.g.a. smitteverntiltak under koronapandemien, legg ein målsettinga for 2021 på 6 prosent. Arbeid med HMS og sjukefråvær er eit av dei viktige fokusområda i klinikken i 2021. 15

6. Budsjettprosess	16
---------------------------------	----

1 Samandrag

Medisinsk klinikk legg til grunn ei netto budsjetttramme på 457 755 000 kroner for 2021.

Budsjettekniske føresetnader

Det er tatt omsyn til føringar som gjeld endring i kostnadsbilete for drifta i 2021:

Lønnskostnader er justert med 0,5 prosent. Deflator for 2021 er på 2,2 prosent, medan resultatet av lønsoppgjøret (inkl glidning) i 2020 vart 1,7 prosent poeng betre enn budsjettert, noko som me tek med oss inn i 2021.

Driftskostnader er justert med deflator på 3,5 prosent.

Refusjon frå Helfo for laboratorie- og radiologiske undersøkingar er prisjustert med 1,0 prosent.

Inntekter er generelt justert med deflator på 2,6 prosent.

Inntekter frå innsatsstyrt finansiering (ISF) er auka med 2,0 prosent.

Driftsøkonomi

Med utgangspunkt i ei vidareføring av budsjett for medisinsk klinikk i 2020, samt eit innsparingskrav på 8,3 millionar kroner grunna auka investeringsbehov og felleskostnader i Helse Førde, har ein komme fram til følgjande budsjetttramme for 2021:

Budsjetttramme 2021 Medisinsk klinikk	
Nettokostnad budsjett 2020	- 450 027
Prisendringar	- 2 972
Justering pensjonskostnad	977
Realendring	- 5 950
Overføring sekretær frå Foretakssekretariatet	- 320
Overføring frå Kirurgisk klinikk - oppgåveglidning ortopedi	- 100
Styrking av H-resept, nye medikament	- 5 256
Styrking av kreftmedikament	- 1 448
Styrking av medisinsk heimebehandling	- 965
Krav til innsparing	8 306
Sum nettokostnad - ramme 2021	- 457 755

Risikoen i inntektsbudsjettet er moderat då det meste av aktiviteten og inntektene til klinikken er knytt opp mot øyeblikkeleg hjelp på tre sjukehus, og drift av laboratoria og røntgen for å kunne støtte opp om klinisk aktivitet innan medisinsk klinikk, kirurgisk klinikk og psykisk helsevern. Utgangspunktet for budsjett 2021 er den planen ein hadde for budsjett 2020.

Det er ikkje budsjettert med koronakostnader i 2021. Meirkostnader er føresett finansiert med ekstra sentrale løyvingar. Største risikoen i 2021 budsjettet er auke i medikamentkostnader knytt til kreft og H-resept og fortsatt vekst i kostnader knytt til medisinsk heimebehandling.

Tiltaka for å halde budsjett 2020 blir vurdert som realistiske. Endringar i rekrutteringssituasjonen er den største risikoen innanfor personalkostnad området.

Aktivitet

Utgangspunktet for aktivitetsplan 2021 er ei vidareføring av plan for 2020. Grunna koronapandemien kan oppnådd aktivitet i 2020 ikkje nyttast som grunnlag for plan 2021.

2 Status og omstilling

Medisinsk klinikk har kliniske og diagnostiske avdelingar.

Dei diagnostiske avdelingane for radiologi, patologi, mikrobiologi, medisinsk biokjemi med blodbank samt avdeling for samhandling og tverrprofesjonelle tenester yter særvis til begge somatiske klinikkar, psykisk helsevern og kommunane.

Radiologisk avdeling vil samla for 2020 få stabil aktivitet samanlikna med tidlegare år, dette trass dei nær nedstengde vekene i mars og april. Etterspurnaden etter konvensjonelle røntgenundersøkingar går noko ned, mens tal CT- og MR-undersøkingar aukar. Ein har no stabil MR-drift i Lærdal, og seksjonen er no i prosess med å effektivisere, slik at ein rekk fleire undersøkingar kvar veke. Ei utfordring er aukande krav til presisjon i diagnostikken og at CT og MR krev meir tid å gjennomføre. Radiolog treng også meir tid til å tolke og beskrive desse meir omfattande undersøkingane. Avdelinga ser difor behov for auka kapasitet på legesida.

Rekrutteringssituasjonen er betra, først og fremst til LIS stillingane. Avdelinga har vidare behov for investeringar innan medisinsk-teknisk utstyr ved alle tre sjukehus. Prosess er i gang for å fornye den eldste MR-maskina ved FSS. Det pågår også prosjekt for å skifte ut utstyret knytt til Brystdiagnostisk senter(BDS).

Vaktordning for radiologar ved Lærdal og Nordfjord sjukehus er gjennom 2020 tilpassa drifta i større grad, og for nokre veker kvart år tolkar vakthavande radiolog også bilete teke ved andre lokasjonar.

Mikrobiologisk avdeling har over fleire år hatt aukande aktivitet, særleg innanfor molekylærbiologiske analysar. I 2020 endar ein med om lag stabilt tal analysar innan bakteriologi og serologi – trass dei nær koronastengde vekene i mars-april då talet slike prøver var svært reduserte. Molekylærbiologien har i 2020 hatt ein massiv vekst i høve koronapandemien, og avdelinga har både investert i nytt medisinsk teknisk utstyr og også bemanna opp på dag, kveld og helg for å dekke behovet for desse analysane.

Etter rekruttering av legespesialistar seinare år, er overlegegruppa stabil. Ein har auka bemanninga av både bioingeniørar og molekylærbiologar under pandemien. Avdelinga vart akkreditert etter ISO-standard for laboratorium i 2016, og er no i ein fase med resertifisering.

Avdeling for patologi har aukande aktivitet i takt med utviklinga innan kreftdiagnostikk og -behandling. Tal analysar har over tid auka med 5-10 prosent årleg. Dei komande år planlegg avdelinga modernisering av eksisterande metodar og implementering av nye tilbod innan persontilpassa medisin. Dette vil sikre meir presis diagnostikk og målretta behandling for våre kreftpasientar.

Pågåande arbeid med prosjektet Digital patologi vil medføre kvalitetsheving, betre samhandling og effektivitet i det diagnostiske arbeidet, og er ein føresetnad for handtere veksten.

Avdelinga har også behov for investeringar i medisinsk-teknisk utstyr framover.

I 2021 startar arbeidet m.o.t. screening for tarmkreft (nasjonal innføring), og avdelinga set inn bioingeniør- og legeressurs for å dekke dette behovet. Avdelinga arbeider også aktivt med kvalitetssikring med tanke på framtidig akkreditering, dette i tråd med regional plan for laboratorietenester i Helse Vest.

Laboratorium medisinsk biokjemi og blodbank skifta ut dei største analyseinstrumenta ved seksjonane Førde, Lærdal og Nordfjord på slutten av 2019. Etter innkøying av desse analysemaskinene har laboratoria fått ein meir moderne utstyrspark og oppnådd standardisering av laboratorieanalysar på tvers av sjukehusa i føretaket. Mellomvare og maskinpark treng vidare utvikling og nyinvestering også i 2021, og då særleg innan fagområda hematologi og koagulasjon.

Ved Førde sentralsjukehus pågår planlegging for å få på plass ei automasjonsløyseing med automatiserte prosessar frå mottak av prøver til arkivering av prøvesvar. Laboratorieprøver er avgjerande i nesten all diagnostikk, og automasjon vil redusere svartider og auke kapasiteten. Slik kan ein handtere eit aukande tal prøver utan å måtte auke bemanning monaleg.

Rekrutteringssituasjonen for bioingeniørar er varierande.

Regionalt vil ein i 2021 starte på omlegging til eit felles laboratorieinformasjonssystem i alle foretaka, og avdelinga har starta planlegginga.

Avdelinga Samhandling og tverrprofesjonelle tenester driv mykje utviklingsarbeid, mellom anna med etablering og utvikling av heimebaserte spesialisthelsetenester. Ordninga med heimedialyse fungerer no godt og er eit samarbeid mellom dialysen (medisinsk avdeling) og seksjon for behandlingshjelpemiddel.

Alle dei fire seksjonane ved avdelinga driv aktivt utviklingsarbeid for å utvikle framtidsette og brukarvenlege løysingar. Innovasjonsprosjektet «Pust deg betre» har fått lansert sin webapplikasjon («app») for lungesjuka. I 2020 har fysioterapiseksjonen starta eit prosjekt på WR-Teknologi («virtuell verkelegheit») i rehabiliteringssamanheng.

Ein driv også organisasjonsutvikling i lag med ortopedisk avdeling for oppgåvegledning frå ortoped til ergoterapeut (kontrollar av handleddsbrot) og for auka bruk av videokonsultasjonar.

Det største pågåande utviklingsprosjektet i 2021 gjeld habilitering og rehabilitering. Prosjektet skal utvikle og forbetre tenestene – i eit livsløpsperspektiv - slik at Helse Førde stettar tilrådingar i nasjonale og regionale retningslinjer. Dette prosjektet skjer i samhandling med kommunane, og i tett samarbeid med Avdeling for nevrologi, revmatologi og rehabilitering (ANRR) og Barne- og ungdomsavdelinga (BUA).

Avdelinga har i 2020 etablert og fått på plass formalisert samarbeid med NAV knytt til utvikling av Helse I Arbeid, både på bedrifts- og individnivå. Dette tverrprofesjonelle tilbodet har i tillegg til somatisk kompetanse også eigen psykolog.

Medisinsk heimebehandling forvaltar behandlingshjelpemiddelordninga for innbyggjarane i nedslagsfeltet. Ordninga har til ei kvar tid mellom 5000 og 6000 brukarar. Talet er stigande med rundt 10 prosent auke kvart år, og feltet opplever ei rivande teknologisk utvikling t.d. innan diabetesområdet med insulinpumper og automatisk vevsglukosemåling. Kostnadane aukar difor år for år, og ein samarbeider med dei kliniske avdelingane for å sikre pasientar eit forsvarleg og godt tilbod, men samstundes halde seg til gjeldande retningslinjer og innkjøpsavtalar.

Medisinsk avdeling driv sengeposter, poliklinikk og dialyse på alle tre sjukehusa, samt akuttmottak på FSS. 2020 har vore sterkt prega av koronapandemien, og avdelinga har frå mars 2020 i tillegg drive Helse Førde sitt akuttmottak 2 for pasientar med påvist eller mistenkt covid-19. Aktiviteten har vore svært høg, og ein har styrka sjukepleiebemannning og auka tal legar for å drifte.

Fleire overlegar spesialiserer seg i akutt- og mottaksmedisin, og ein driv utstrakt kompetanseheving gjennom trening og simuleringsaktivitetar. Avdelinga har pågåande rekrutteringsprosessar for legespesialistar, og driv utstrakt utdanningsarbeid for LIS-legar.

På LSH er ny dialyseavdeling ferdigstilt til beste for pasientar og personale. Infusjonspoliklinikkane ved lokalsjukehusa har aukande aktivitet innan medikamentell kreftbehandling (cellegift og immunterapi), i tett samarbeid med kreftavdelinga.

Det nasjonale prosjektet for etablering av screening for tarmkreft inneber eit stort utviklingsarbeid i dei medisinske poliklinikkane (så vel som i avdeling for patologi). Avdelinga treng fleire gastrojukepleiarar og spesialistar innan gastroenterologi framover. Utdanning tek tid, og ein startar no spesialistutdanning for nye LIS-legar. Ny skop-park kom på plass i 2020, og ein arbeider med løysing for ekstra midlertidig skopistove ved FSS (i påvente av ny framtidig skopisentral i Nye Førde sjukehus) samt medisinsk-teknisk utstyr til alle tre lokasjonane for å dekke behovet.

Barne og ungdomsavdelinga (BUA) er også i år prega av eit delvis generasjonsskifte i overlegegruppa. Avdelinga held fram med spesialistutdanning av LIS og rekruttering av nye overlegar. Også Barne- og ungdomsavdelinga har per no ei meir krevjande drift p.g.a. koronapandemien. Det pågår eit utviklingsprosjekt for ungdomsmedisin, og dette inkluderer utarbeiding av gode rutinar for overføring av pasientar til vaksenavdelingane. Utviding av aldersgrense frå 16 til 18 år er aktuelt for fleire diagnosegrupper i avdelinga.

Barnehabiliteringa deltek i utviklingsprosjektet for framtidig habilitering og rehabilitering i Helse Førde, men driv også utviklingsarbeid m.o.t. intensiv habilitering av barn med medfødt og erverva hjerneskade (del av regionalt prosjekt).

Kreftavdelinga har etter nokre år med vanskeleg rekrutteringssituasjon, no fått på plass ei stabil og nær fulltallig overlegegruppe. Fagområda kreft og hematologi er i stor utvikling. Dette viser at på kostnadsida med ein monaleg auke i kostnadane til medikament, og då særleg immunterapi. Også dei

diagnostiske avdelingane merkar utviklinga, særleg patologi og radiologi, som får fleire og meir kostnadskrevjande metodar og analysar.

2020 syner auka aktivitet både ved sengepost og poliklinikk. Både nyoppdaga kreft, og individtilpassa medikamentell behandling vidare i forløpa, krev tett oppfølging av god kvalitet.

Avdelinga vektlegg å delta i kliniske studiar for medikamentutprøving og har bygd opp eit team med god erfaring på feltet.

Medisinsk serviceseksjon fekk i september 2020 inn serviceseksjonen ved Nordfjord sjukehus gjennom ei omorganisering. Med dette har tal tilsette gått opp, og seksjonen tek seg no av sekretær oppgåver for avdelingane i medisinsk klinikk ved FSS samt for heile NSH og LSH.

Handteringa av koronapandemien med screening med tanke på smitte av pasientar før oppmøte i sjukehusa samt adgangskontroll i dørene, har medført fleire nye og store oppgåver i år.

Sekretærenestene har samstundes vore med og innført ny teknologi og gjennomført fleire digitaliseringsprosessar, dette gjennom større regionale prosjekt som «Alle Møter». Eit godt døme er innføringa av sjølvbetent innsjekk og betaling hausten 2021. Dette frigjev ressursar vi tidlegare har nytta i luker, og inneber at ein kan redusere bemanning noko gjennom naturleg avgang. Ein får også overført sekretærressursar til betre oppgåveplanlegging, får tatt i bruk digitaliserte innkallingsbrev, ulike elektroniske skjema osv.. Denne spennande, men også arbeidskrevjande, utviklinga vil også prege 2021.

I nært samarbeid med dei kliniske avdelingane vurderer ein løpande moglegheita for oppgåvegliding, betre samarbeid om ventelister, langtidsplanlegging med meir.

Sekretærenestene i alle klinikkane bidreg også i prosjektet «Open linje». Framtidig modell for telefonløyisinga i Helse Førde, då særleg om føretaket skal drive eit felles kontaktsenter for telefoni m.m., er ikkje endeleg beslutta.

Hudavdelinga utviklar verksemda gjennom etablering av nytt lærings- og meistringskurs for psoriasis pasientar. Det er fokus på oppgåvegliding frå lege til sjukepleiar til dømes ved eksemsamtale for pårørande med barn med atopisk eksem, og pasientinformasjon ved særskilde tilstandar som skabb.

Ein opprettheld også dei desentrale poliklinikkane ved at hudlege ambulerer ut frå FSS, og arbeider for å auke andelen av videokonsultasjonar ytterlegare.

Rekrutteringssituasjonen er betra, og i 2021 får avdelinga attende ny fast overlege som har ferdigstilt siste del av spesialistutdanninga si ved HUS. Dette sikrar betre kapasitet og gjer avdelinga mindre vikaravhengig.

Avdeling Nevrologi, Revmatologi og Rehabilitering har poliklinisk tilbod innan nevrologi og revmatologi og felles sengepost for fagområda, samt slageining og døgnrehabilitering. Pakkeforløp for akuttdelen av hjerneslagforløpet vart etablert i 2018. Pakkeforløp 2 for hjerneslag som vart innført desember 2019, gjeld vidare oppfølging og rehabilitering. Avdelinga driv no tenesteutvikling for å stette krav og anbefalingar i dette pakkeforløpet.

Seksjon revmatologi driv tenesteutvikling gjennom at pasientane no kan ta i bruk digitalt sjølvrapporteringsverktøy heimefrå, og ein ser på moglegheit for brukarstyrte timar. Seksjonen er aktiv innan fleire forskingsprosjekt.

Forskning. Medisinsk klinikk har fokus på forskning. Klinikken deltek innanfor satsingsområda til Helse Førde, og har forskingsprosjekt innanfor mikrobiologi, patologi, revmatologi, barn, medisin og kreft. I tillegg deltek vi aktivt i multisentrisk legemiddelforskning innanfor kreft og medisin. Laboratorium for medisinsk biokjemi støtter opp under mange av forskingsprosjekta.

3 Økonomi

Føresetnader i budsjett 2021:

Føresetnader for budsjett 2021 er ei vidareføring av aktivitetsplan i 2020, med netto prisendring på 2,972 millionar kroner. I høve budsjett 2020 er det i budsjettet for 2021 innarbeidd tiltak for 12,8 millionar kroner.

Lønnskostnader er justert med 0,5 prosent. Deflator for 2021 er på 2,2 prosent, medan resultatet av lønsoppgjøret (inkl. glidning) i 2020 vart 1,7 prosent poeng betre enn budsjettet, noko som me tek med oss inn i 2021.

Det er lagt inn 3,5 prosent prisauke på varekostnader og andre driftskostnader.

ISF-inntektene er justert opp med 2,0 prosent. DRG pris for 2021 blir på kroner 46.719,-

Refusjon frå Helfo for laboratorie- og radiologiske undersøkingar er prisjustert med 1,0 prosent.

Utover dette er det nytta ei generell prisjustering på inntektene på 2,6 prosent.

Prisendringar på 2,972 millionar kroner er summert i følgjande tabell:

Prisendring	
Lønsvest 2021	- 3 197
Prisvest kostnader 2021	- 8 721
Prisjustering ISF 2021	7 173
Prisendring andre inntekter 2021	1 773
Sum prisendringar	- 2 972

Ramme 2021:

Med bakgrunn i gitte føresetnader, blir ramma for klinikken som følgjer:

Budsjettramme 2021 Medisinsk klinikk	
Nettokostnad budsjett 2020	- 450 027
Prisendringar	- 2 972
Justering pensjonskostnad	977
Realendring	- 5 950
Overføring sekretær frå Foretakssekretariatet	- 320
Overføring frå Kirurgisk klinikk - oppgåveglidning ortopedi	- 100
Styrking av H-resept, nye medikament	- 5 256
Styrking av kreftmedikament	- 1 448
Styrking av medisinsk heimebehandling	- 965
Krav til innsparing	8 306
Sum nettokostnad - ramme 2021	- 457 755

Realendringar som er lagt inn i budsjett 2021 er:

- Auke av medikament budsjettet kreft grunna meir bruk av imunterapi og kostbare medikament – 5,4 million kroner.
- Eigenfinansiering av nasjonalt screeningprogram for tarmkreft – 550.000 kroner. Det er allereie løyvd 1,082 million kroner frå HV som eigne prosjektmidlar.

Andre endringar i klinikken si ramme:

- Klinikkdirtøren sin sekretærhjelp har fram til no vore organisert i Foretakssekretariatet. Etter omorganisering er budsjett for sekretær overført medisinsk klinikk – 320.000 kroner.

- Oppgåvegliding frå ortoped til ergoterapeut. Spesialergoterapeut overtek no kontrollar etter brot i underarm (radiusfraktur) 2 og 6 veker etter operasjon/gipsbehandling. Dette vil gjelde om lag 230 konsultasjonar pr. år. Der det er naudsynt/føremålstenleg vil ortoped og spesialergoterapeut ha felles konsultasjon med aktuelle pasientar.
- Budsjetttramme for H-resept er auke med 5,3 millionar kroner utover tidlegare gitte realendringar og interne omdisponeringar. Det same gjelder kreftmedikament (+1,5 mill.) og medisinsk heimebehandling (1,0 mill.).
- Grunna auka felleskostnader og investeringskostnader har klinikken fått eit innsparingskrav på 8,3 millionar kroner i høve budsjett 2020.

Budsjett 2021:

Med utgangspunkt i endring i ramme, prisjustering og vidareføring av tiltak budsjett 2021, blir budsjettet for Medisinsk klinikk i 2021 som følgjande:

Medisinsk klinikk	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021 (2020 - kr.)	Budsjett 2021	Budsjett- endring B21 - B20	Prisendring B21-B20	Endring %
Basisramme	21 270	21 270	21 270	21 270			0,0 %
ISF egne pasienter	301 215	317 136	317 724	324 047	6 911	6 323	2,2 %
ISF-inntekt H-resept	38 208	41 239	42 716	43 566	2 327	850	5,6 %
Gjestepasientinntekter	6 690	5 547	8 699	8 872	3 325	173	59,9 %
Polikliniske inntekter - Helfo ref. lab.	34 589	36 814	39 139	39 569	2 755	430	7,5 %
Utskrivingsklare pasienter	523	1 155	1 155	1 185	30	30	2,6 %
Andre øremerkede tilskudd	2 405	6 108	2 499	2 564	- 3 544	65	-58,0 %
Andre driftsinntekter	41 642	38 512	41 899	42 975	4 463	1 075	11,6 %
Driftsinntekter	446 542	467 780	475 101	484 047	16 267	8 946	3,5 %
Kjøp av offentlege helsetenester	- 2 995	- 2 301	- 2 452	- 2 513	- 212	- 61	9,2 %
Kjøp av private helsetenester	- 203	- 60	- 43	- 45	15	- 2	-25,5 %
Varekost	- 214 102	- 207 061	- 223 869	- 231 929	- 24 867	- 8 059	12,0 %
Innleidd arbeidskraft	- 15 634	- 6 169	- 5 265	- 5 455	714	- 190	-11,6 %
Lønn til fast ansatte	- 460 693	- 483 535	- 480 881	- 483 285	249	- 2 404	-0,1 %
Overtid og ekstrahjelp	- 46 002	- 38 784	- 40 043	- 40 243	- 1 459	- 200	3,8 %
Pensjonskostnad	- 75 110	- 80 456	- 79 479	- 79 479	977		-1,2 %
Off tilskot og refusjonar	25 598	23 691	22 363	22 474	- 1 217	112	-5,1 %
Anna lønn	- 72 474	- 74 255	- 74 063	- 74 578	- 323	- 515	0,4 %
Andre driftskostnader	- 24 932	- 48 878	- 46 152	- 46 751	2 127	- 599	-4,4 %
Driftskostnader	- 886 546	- 917 807	- 929 884	- 941 802	- 23 996	- 11 918	2,6 %
Sum	- 440 004	- 450 027	- 454 783	- 457 755	- 7 728	- 2 972	1,7 %

For dei største områda er endringane frå budsjett 2020 til budsjett 2021 nærare forklart i tabellane under.

Inntekter 2020:

Endringane innanfor ISF inntektene kan oppsummerast i følgjande tabell:

ISF egne pasientar, inkl H-resept	B20	B21	B21-B20
Budsjett	358 375	367 613	9 238
Auke i inntekt dagpasient kreftpoliklinikk grunn auke i behandling med immunterapi			823
Auke av inntekt H-resept, nye medikament			1 477
Reduksjon bruk av Feiring			- 235
Prisendring			7 173
Sum endring			9 238

Høgre budsjetterte gjestepasientinntekter er med bakgrunn i noko lågt budsjett i 2020, samt at inntekter frå pasientar heimehøyrande i Hornindal no kjem som gjestepasientinntekter.

Auken innan refusjon frå Helfo (polikliniske inntekter) for laboratoria er med bakgrunn i årleg forventa auke i aktiviteten.

Varekostnader 2020:

Endring i varekostnad kan oppsummerast i følgjande tabell:

Varekostnad	B20	B21	B21-B20
Budsjett	- 207 061	- 231 929	- 24 867
Tiltak, reduksjon varekostnad H-resept området			5 000
Tiltak, reduksjon varekostnad klinisk laboratorie			512
Tiltak, reduksjon varekostnad nevrologisk sengepost			500
Tiltak, reduksjon varekostnad akuttmottak			412
Realendring kreftmedikament			- 5 400
Auke budsjett varekost Kreftavdeling			- 6 475
Auka budsjett varekostnad Medisinsk heimebehandling			- 3 692
Auke av budsjett H-resept, nye medikanet			- 8 832
Reduksjon varekostnad medisinsk poliklinikk FSS, flytt til medisinsk heimebehandling			476
Reduksjon varekostnad radiologi			183
Sum av fleire mindre endringar på varekostnad i klinikken			510
Prisendring			- 8 059
Sum endring			- 24 867

Tiltaka i varekostnad budsjettet er med utgangspunkt i forventa kostnadsutvikling i 2021.

Innan H-resept området er det starta opp eit eige internt prosjekt med mål om å nytte ein større del av dei rimeligaste medikamenta i LIS avtalane.

I budsjett 2020 var det lagt inn eit innsparingstiltak på 4,0 millionar kroner innanfor varekost for dei klinisk kjemiske laboratoria, grunna investering i nye analysemaskiner. I høve prognose for 2020 så har ein oppnådd om lag 0,5 million kroner meir.

Kostnadane til medikament i kreftavdelinga har ein samla auka med om lag 10 millionar kroner i 2020 i høve budsjett. Det har klinikken fått korrigert med realendring og interne omdisponeringar (inkl. noko auke av ISF inntekter)

Innanfor området medisinsk heimebehandling har det vore ein årleg vekst på i snitt 17 prosent dei siste tre åra. Klinikken har auka budsjettet for 2020 med 3,7 million kroner, noko som kompensere for ein del veksten som har vore i 2020.

Personalkostnad 2020

I budsjett 2021 er det lagt inn innsparingstiltak på 4,6 millionar kroner innanfor personalområdet. Tiltaka er nærare oppsummert i følgjande tabell:

Tiltak budsjett 2021 - personalkostnad	
Medisinske serviceseksjonar: Naturleg avgang - samanslåing luker/ekspedisjon grunna innsjekk og betaling.	500
Patologi: Mindre innleie frå firma og overtid	200
Radiologi: reduksjon bruk av vikarbyrå legar, reduksjon veketal vikarlegar NSH/LSH, auka aktivitet MR Lærdal, reduksjon overtidsforbruk FSS	600
ANRR: redusert vikarinnlei nevro legar, vakant sjukepl.stilling poliklinikk revma, frikjøp nevropsykolog	500
Barne- og ungdomsavdeling: Halde same låge personalkostnad som i 2020, inkl betre sommaravviklining, vakant psykolog stilling HABU	1 000
Medisinsk avdeling: Samla betre ressursstyring, mindre bruk av vikarfirma	1 806
Sum tiltak	4 606

I budsjett 2021 har klinikken styrka Avdeling for patologi og Mikrobiologisk avdeling med bakgrunn i forventta aktivitetsauke. I tillegg har ein justert Hudavdelinga sitt budsjett i tråd med faktisk tal tilsette legar. Fellesområdet for klinikken er styrka med ekstra ressurs til kode controllar.

Samla har personalbudsjettet ein auke på 1,0 million kroner i høve budsjett 2020. Følgjande tabell oppsummerer endringane frå 2020 til 2021:

Personalkostnad	B20	B21	B21-B20
Budsjett	- 659 507	- 660 566	- 1 059
Tiltak lagt inn i budsjett			4 606
Lønnskostnader overføring foretakssekretær			- 320
Styrking av Patologisk avdeling			- 527
Styrking av Hud avdeling			- 712
Styrking av Mikrobiologisk avdeling			- 1 330
Justering lønsbudsjett Medisinsk klinikk felles, inkl ekstra ressurser kode controller			- 789
Sum av mindre justeringar			233
Justering pensjon			977
Prisendring			- 3 197
Sum endring			- 1 059

Tiltak 2020:

Med utgangspunkt i dei skisserte endringane frå drift 2020 til budsjett 2021, har medisinsk klinikk følgjande tiltak i budsjett 2020:

Tiltak budsjett 2021	
Innsparing reisekostnad.	1 200
Medisinske serviceseksjonar: Naturleg avgang - samanslåing luker/ekspedisjon grunna innsjekk og betaling.	500
Patologi: Mindre innleie frå firma og overtid	200
Mikrobiologi: inntektsjustering	500
LMBB: auka inntekt i tråd med historisk vekst, reduksjon varekost	800
Radiologi: reduksjon bruk av vikarbyrå legar, reduksjon veketal vikarlegar NSH/LSH, auka aktivitet MR Lærdal, reduksjon overtidsforbruk FSS	600
ANRR: redusert vikarinnelei nevro legar, vakant sjukepl.stilling poliklinikk revma, frikjøp nevropsykolog, medikament utgifter.	1 000
Barne- og ungdomsavdeling: Halde same låge personalkostnad som i 2020, inkl betre sommaravviklining, vakant psykolog stilling HABU	1 000
Medisinsk avdeling: Samla betre ressursstyring, mindre bruk av vikarfirma	2 006
H-resept, medikamentprosjekt	5 000
Sum tiltak	12 806

Det er utarbeidd eigen overordna ROS analyse for tiltaka i klinikken, sjå kapittel 7.

4 Aktivitet

Aktivitet - Medisinsk Klinik		Oppnådd 2019	Plan 2020	Prognose 2020	Plan 2021	Endring B21 - B20
DRG-poeng dag/døgn/poliklinikk	A	13 571	13 812	12 621	13 847	35
DRG-poeng H-resept	A	1 711	1 801	1 838	1 865	64
DRG-poeng andre regionar (gjestepasientar), B	B	164	151	237	237	86
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	A+B	15 446	15 764	14 696	15 950	186
DRG-poeng pasientar behandla i andre regionar, Feiring	C	40	35	25	25	-10
Sum DRG-poeng, ISF inntekt	A+C	15 322	15 647	14 484	15 737	90
Tal dagbehandling		9 343	9 417	9 390	10 085	668
Tal sjukehusopphold / heildøgnsopphald		9 934	10 256	9 213	10 256	0
Tal polikliniske konsultasjonar		52 634	53 380	50 774	52 827	-553

Tal produserte DRG-poeng før døgn/dag/poliklinikk er auka med 35 i høve budsjett 2020. Dette grunna reell auke innan kreftbehandling med immunterapi.

H-resept er vidareført i høve prognose for 2020 og forventa nivå i 2021.

Gjestepasientar og kjøp av tenester frå Feiringklinikken er vidareført i høve prognose 2020.

Budsjettert tal dagbehandling innanfor dei ulike einingane i klinikken syner følgjande.

Dagopphald-dagbehandling	Oppnådd 2018	Oppnådd 2019	Plan 2020	Prognose 2020	Plan 2021	Endring plan 2021 - 2020
Dialyse Førde	2 645	2 350	2 380	2 258	2 832	452
Dialyse Lærdal	1 311	1 403	1 388	1 399	1 297	-91
Dialyse Eid	1 191	1 012	1 010	663	649	-361
Medisinsk seksjon Førde	40	53	60	39	60	0
Kreft poliklinikk	2 804	2 954	3 012	3 006	3 086	74
Hud poliklinikk Førde	15	11	10	14	10	0
Hud poliklinikk Lærdal	2	0	0	0	0	0
Hud poliklinikk Eid	4	2	1	0	1	0
Barne poliklinikk Førde	20	117	115	325	325	210
Medisinsk poliklinikk Førde	340	598	587	437	587	0
Medisinsk poliklinikk Lærdal	342	294	301	342	342	41
Medisinsk poliklinikk Eid	337	454	454	465	454	0
Nevrologisk poliklinikk Førde	7	95	99	443	443	344
Sum dagopphald	9 058	9 343	9 417	9 390	10 085	668

Tal dagbehandlingar for dialysepasientar er justert i høve forventa tal pasientar, inklusive heimedialyse.

Auken innanfor kreft (inkl. medisinsk poliklinikk Lærdal) er grunna auka tal pasientar.

Auken innanfor barn og nevrologi skuldast endring i kodesystemet som gjer at ein del konsultasjonar blir dagpasientar og ikkje poliklinikk.

Heildøgnsopphald	Oppnådd 2018	Oppnådd 2019	Plan 2020	Prognose 2020	Plan 2021	Endring plan 2021 - 2020
Barne sengepost Førde	759	656	770	624	770	0
Medisinsk sengepost Førde	4 097	3 925	4 130	4 106	4 130	0
Medisinsk sengepost Lærdal	1 394	1 464	1 451	1 467	1 451	0
Medisinsk sengepost Eid	1 672	1 721	1 698	1 505	1 698	0
Kreft sengepost	741	740	771	663	771	0
Sengepost AFMR, nevro og revmatologi	1 307	1 428	1 436	1 282	1 436	0
Sum heildøgn opphald	9 970	9 934	10 256	9 646	10 256	0

Tal sjukehusopphald er ei vidareføring av plan 2020. Det er ikkje teke omsyn til eventuell endingar grunna koronapandemien.

Polikliniske konsultasjonar	Oppnådd 2018	Oppnådd 2019	Plan 2020	Prognose 2020	Plan 2021	Endring plan 2021 - 2020
Pediatriisk poliklinikk Førde	3 989	4 049	4 081	3 742	3 872	-210
Pediatriisk poliklinikk Eid	287	294	302	233	302	0
Pediatriisk poliklinikk Lærdal	52	58	63	48	63	0
Hud poliklinikk samla	12 939	12 930	13 073	12 154	13 073	0
Medisinsk poliklinikk Førde	10 955	11 446	11 330	11 421	11 330	0
Medisinsk poliklinikk Eid	5 575	5 238	5 616	4 793	5 616	0
Medisinsk poliklinikk Lærdal	2 745	2 797	2 840	2 771	2 840	0
Medisinsk poliklinikk Florø	287	183	201	264	201	0
Kreft poliklinikk	2 252	2 651	2 592	2 825	2 592	0
Barnehabilitering	150	129	132	128	132	0
AFMR	1 667	2 868	2 922	3 539	2 922	0
Nevrologisk poliklinikk	4 593	4 736	4 885	3 890	4 542	-344
Revmatologisk poliklinikk	4 980	5 058	5 141	4 966	5 141	0
Rehabilitering Eid	178	197	202	0	202	0
Sum poliklinikk	50 649	52 634	53 380	50 774	52 827	-553

I budsjettet for poliklinisk aktivitet har ein teke utgangspunkt i det som var plan for 2020. I tillegg er det korrigerert for at noko aktivitet no vert registrert som dagpasientar.

5 Bemanning


Månadsverk:

Tabellen under syner utvikling av netto månadsverk per avdeling i medisinsk klinikk. Endring er i høve budsjett 2020. På grunn av koronapandemien er faktiske månadsverk i oktober 2020 høgere enn budsjett.

Netto månadsverk	Snitt 2019	Budsjett 2020 (A)	Okt 2020	Budsjett 2021 (B)	Endring B-A	Merknad
Klinikk medisin felles	2,8	2,9	3,2	3,7	0,8	flytting foretakssekretær, auke drg controller
Avdeling for Nevrologi, Revmatologi og Rehabilitering (ANRR)	59,7	62,4	60,8	61,9	-0,5	reduksjon vikarbruk
Avdeling for patologi	17,0	16,7	18,0	17,7	1,0	stryking grunna aktivitetsauke
Barne- og ungdomsavdeling	57,0	56,9	56,9	55,9	-1,0	justering
Hud avdeling	14,8	13,7	15,8	14,7	1,0	justering
Kreftavdelinga	43,5	44,2	45,6	44,2	0,0	
Lab. medisinsk biokjemi og blodbank (LMBB)	54,4	55,7	56,0	55,7	0,0	
Samhandling og tverrprofesjonelle tenester	42,7	47,1	42,3	47,1	0,0	
Medisinsk avdeling	253,0	254,6	292,9	252,1	-2,5	betre ressursutnytting
Medisinsk serviceseksjon Førde	38,5	38,1	42,9	36,5	-1,6	prosjekt innsjekk og betaling
Mikrobiologisk avdeling	20,2	21,4	23,4	23,4	2,0	stryking grunna aktivitetsauke
Radiologisk avdeling	63,7	64,0	65,6	63,5	-0,5	reduksjon vikarbruk
Serviceseksjon Lærdal	5,6	6,9	9,3	6,9	0,0	
Sum Medisinsk klinikk	672,9	684,7	732,7	683,4	-1,3	

Sjukefråvær:

Sjukefråværet i Medisinsk klinikk hadde nedgang i 2020. Målet for klinikken er å ha rundt 5 prosent fråvær, men p.g.a. auka korttidsfråvær p.g.a. smitteverntiltak under koronapandemien, legg ein målsettinga for 2021 på 6 prosent. Arbeid med HMS og sjukefråvær er eit av dei viktige fokusområda i klinikken i 2021.



Grunna korona pandemien har ein hatt relativt store variasjonar i korttidsfråværet i 2020. Det har siste halvår vore ei positiv utvikling av langtidssjukefråværet. I snitt har den vore på 2,6 prosent i år.

6. Budsjettprosess

Det har frå august månad vore involvering av tillitsvalde og verneteneste i budsjettprosessen i alle avdelingar. Kvar avdeling har utarbeidd budsjettframlegg innanfor si tildelte ramme med tilhøyrande ROS-analyse.

Prosess vedr. budsjett 2021		
Møtedato	Deltakarar	Tema
13. mai	Avdelingssjefar, seksjonsleiarar, einingsleiarar	Prognose 1 - 2020
14. august	Klinikkdirektør	Innspele realendringar budsjett 2021
19. august	Avdelingssjefar	Heildagssamling Førde, budsjett eit av tema
20. august	Klinikkdirektør	Budsjetttrammer og realendringar handtert i føretaksleinga
1. september	Føretaksleinga	Førebels rammer vedteke
9. september	Avdelingssjefar	Gjennomgang godkjente realendringar og førebels ramme
17. september	Klinikktilitsvalde og verneombud	Informasjonsmøte om rammer og prosess
1. oktober	Avdelingssjefar, seksjonsleiarar, einingsleiarar	Prognose 2- 2020
oktober-november	Avdelingssjefar, seksjonsleiarar, einingsleiarar	Budsjett fast tema på alle leiarmøter og klinikkråd
1. november	Avdelingssjefar, seksjonsleiarar, einingsleiarar	Frist for å levere budsjett i høve tildelt ramme. Utarbeiding av budsjett på konto nivå med involvering av tillitsvalde og vernetenesta
13. november	Klinikktilitsvalde og verneombud	Informasjonsmøte om budsjett 2021
20. november	Klinikktilitsvalde og verneombud	Drøftingsmøte om budsjett 2021
26. november	KAMU	Informasjon budsjett 2021

7. Overordna ROS analyse budsjett 2021

Risikomatrise						
Konsekvens (1-5)						
		1.Ubetydeleg (ikkje alvorleg)	2. Liten (mindre alvorleg)	3. Moderat	4. Alvorleg	5. Svært alvorleg/kritisk
Sannsynleg (1-5)	5. Svært stor					
	4. Stor					
	3. Moderat			2a, 2b, 2c, 2d, 4		
	2. Liten		6	1, 7		
	1.Svært liten			5	3, 8	

Nr	Område	Hending	San 1-5	Kon 1-5	Risiko San x Kon	Tiltak	Ansvar
1	Pasientinntekter	Når ikkje inntektsbudsjettet i ein/fleire avdelingar	2	3	6	Månadleg oppfølging av aktivitetstal og koding (ISF inntekter) Auka satsing kodekontroll med + 1 kodekontrollar	Klinikkdirektør og controllar
2a	Varekostnad	Uforutsett auka bruk av kostbare medikament inne på sjukehuset (immunterapi, cytostatika m.m.)	3	3	9	Månadleg oppfølging av medikament kostnader	Klinikkdirektør og controllar, Avdelingssjef kreft
2b	Varekostnad	Vi heng ikkje med ved innføring av nye LIS avtaler for HF-finansierte legemiddel (H-resept) med resultat vesentleg auka kostnader	3	3	9	Prioritere prosjektet for forbedra legemiddeløkonomi som gjeld H-resept området. Informasjon, oppfølging og tilbakemeldingar til forskrivningar.	Klinikkdirektør og 5 avdelingar: Medisin, kreft, barn, ANRR.
2c	Varekostnad	H-resept: Mange nye kostbare medikament vert godkjende og teke i bruk – utan at vi har budsjettdekning for dette	3	3	9		
2d	Varekostnad	Uforutsett auka bruk av behandlingshj.middel og forbruksmateriell (seksjon Medisinsk heimebehandling)	3	3	9	Oppfølging nye produkt som blir lansert og bruken av desse.	Seksjonsleiar medisinsk heimebehandling
3	Personalkostnad	Budsjetttiltak innan personalområdet fører til redusert HMS	1	4	4	Følge opp HMS handlingsplanen. HMS-avvik følgast av	Leiarar på alle nivå – HR

		og auka sjukefravær				KD og HVO samt KAMU. Oppfølging av sjukemeldte: Tiltak med månadleg oppfølgingsmøter HR/NAV/BHT	rådgjevar. HVO
4	Personalkostnad	Lukkast ikkje redusere personalkostnadane i avdelingane	3	3	9	Følgje opp planlagde endringar på alle tre sjukehus	Avdelingssjef medisin
5	Reisekostnad	Innsparing reisekostnadar lukkast ikkje	1	3	3		
6	Utvikling av tenestene	Får ikkje utvikla tilbodet innan rehabilitering pga manglande budsjett	2	2	4	Gjennomføre prosjekt fys.med., habilitering og rehabilitering i 2021 med mål om samling av dag/poliklinikk-tenestene i ei avdeling. Planlegging av framtidig døgntilbod	Klinikkdirektør og prosjektleiar
7	Kompetanseheving	Ikkje tilstrekkeleg budsjett til å syte for nødvendige kompetansetiltak (spesialistutdanning LIS, vidareutdanningar spl., terapeutar m.fl.)	2	3	6	Knapt budsjett i dei fleste avdelingar, men nok til dei mest prioriterte vidareutdanningane	
8	Pasienttryggleik	Budsjetttiltak inneber vesentleg reduksjon av kvaliteten i tilboda til pasientar, t.d. fleire fristbrot, lengre ventetid for høgt prioriterte (t.d. pakkeforløp kreft), redusert kvalitet for inneliggande pasientar (uønska hendingar, skadar el.a.)	1	4	4	Månadleg oppfølging avviksmeldingar, ventetider, fristbrot osv..	